

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 17.08.2009  
Sakhandsamar: Ivar Eriksen  
Saka gjeld: **Oppdragsdokument 2009. Tilleggsdokument etter Stortinget si behandling av St.prp.nr 67 (2008-2009)**

**Arkivsak**  
2008/443/012  
**Styresak 082/09 B**

**Styremøte 02.09. 2009**

---

## Bakgrunn:

I brev til Helse Vest RHF datert 7. juli 2009 har Helse- og omsorgsdepartementet gitt nye oppdrag og kome med utdjuvingar og presiseringar i tilknytning til oppdragsdokumentet for 2009. Endringane er relaterte til behandlinga av St.prp. nr 67, jf. Innst. S. nr 355 (2008-2009) der Stortinget vedtok å endre løyvingane til regionale helseføretak for 2009.

Kopi av brevet følgjer saka som vedlegg.

## Kommentarar:

Som følgje av at det er motteke nye oppdrag og utdjuvingar/presiseringar av oppdragsdokumentet for 2009 er det utarbeidd forslag til tilleggsdokument til styringsdokumenta for 2009 til Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF.

Tilleggsdokumentet bør underleggjast formell eigarstyring, og ein rår derfor til at det blir gjennomført føretaksmøte i dei aktuelle helseføretaka.

## Forslag til vedtak:

1. Styret tek dei nye oppdraga og utdjuvingane/presiseringane til oppdragsdokumentet for 2009 til etterretning.
2. Styret vedtek tilleggsdokument til styringsdokument for 2009 til Helse Førde HF i samsvar med forslag lagt fram for styret i styremøtet 02.09. 2009.
3. Styret vedtek tilleggsdokument til styringsdokument for 2009 til Helse Bergen HF i samsvar med forslag lagt fram for styret i styremøtet 02.09. 2009.
4. Styret vedtek tilleggsdokument til styringsdokument for 2009 til Helse Fonna HF i samsvar med forslag lagt fram for styret i styremøtet 02.09. 2009.

5. Styret vedtek tilleggsdokument til styringsdokument for 2009 til Helse Stavanger HF i samsvar med forslag lagt fram for styret i styremøtet 02.09. 2009.
6. Det blir gjennomført føretaksmøte i helseføretaka for formidling av tilleggsdokumentet til styringsdokumenta for 2009.

Vedlegg:

1. Brev av 7. juli 2009 frå Helse- og omsorgsdepartementet vedrørande oppdragsdokumentet for 2009
2. Forslag til tilleggsdokument til Styringsdokument for 2009 til Helse Førde HF
3. Forslag til tilleggsdokument til Styringsdokument for 2009 til Helse Bergen HF
4. Forslag til tilleggsdokument til Styringsdokument for 2009 til Helse Fonna HF
5. Forslag til tilleggsdokument til Styringsdokument for 2009 til Helse Stavanger HF